



Notat

Dato: 17.10.2017
Arkivsak: 2014/16773-22
Saksbehandlar: fromann

Til: Hovudarbeidsmiljøutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Utarbeiding av rutine for oppfølging av gravide i HFK

Det vert vist til Livsfasepolitisk handlingsplan for HFK, godkjent av HAMU 2. desember 2016.

Som tiltak nr. 16 i denne planen er sett opp at ein skal utarbeide rutine for oppfølging av gravide i HFK. Ansvar for tiltaket vart lagt til HR-direktøren, og tidsfrist vart sett til hausten 2017.10.17

Som bakgrunn for utarbeiding av ei slik rutine ligg det pilotprosjektet som er under gjennomføring i Tannhelsetenesta, i distrikta Sentrum og Vest. Dette pilotprosjektet har utvikla og prøvd ut ein rutine og ein leiarretteiing for tannhelsetenesta.

Fylkesrådmannen orienterer med dette HAMU om at ein vil sette i gang ei partssamansett arbeidsgruppe for få på plass rutinar som skal gjelde heile HFK. Frå NAV Arbeidslivssenter Hordaland er det meldt at dei vil kunne delta med jordmorkompetanse i ei slik arbeidsgruppe. Det er også naturleg at pilotprosjektet i tannhelsetenesta vert representert i arbeidsgruppa. HR-direktøren peiker ut kven som skal leie arbeidet.

Ein tar sikte på å starte opp arbeidsgruppa i november 2017, og få fram ferdige dokument i løpet av første kvartal 2018.